

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen		17/711

Saknr	Utval	Type	Dato
063/2017	Formannskapet	PS	13.06.2017
	Kommunestyret	PS	

Finansrapportering pr. 1.tertial/30.04.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapporteringa pr. 30.04.2017 vert teken til vitring

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Finansrapportering jf. nytt finansreglement vedteke av kommunestyret i møte den 20.02.2017, sak 3/2017

9. Rapportering

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30.04 og 31.08 utarbeide ein finansrapport til formannskapet og kommunestyret. I tillegg skal rådmannen i samband med årsavslutning leggje fram ein rapport til formannskapet og kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

- Rapportane skal innehalde ein omtale og vurdering av kommunen sin finansielle risiko.
- Rapportene skal innehalde ein nærmare omtale av korleis aktiva og passiva er samansett.
- Rapportane skal vise markedsverdien for aktiva, både samla og for kvar gruppe av ulike typar aktiva.
- Rapportane skal vise verdien for passiva, både samla og for kvar gruppe av ulike typar passiva. I tillegg skal rapportane opplyse om løpetida for passiva, og om verdien av lån som forfell og som må refinansierast innan 12 månader.
- Rapportane skal innehalde ein omtale av vesentlege marknadsendringar og endringar i kommunen sin finansielle risiko, og det skal gjevast ein vurdering av dette. I tillegg skal rapportane innehalde ein omtale av aktuelle marknadsrenter og kommunen sine eigne rentevilkår.
- Om det har oppstått avvik mellom krava i finansreglementet og den faktiske forvaltninga, skal dette takast med i rapportane.

Fakta

Viser til rekneskapen 2016 og 1.tertialrapport 2017. Denne rapporten supplerer 1.tertialrapport med ekstra vekt på plasserte midlar utover bankinnskott, samt gjev eit statusbilde av gjeld – kor det har skjedd lite endring i høve rekneskapstala pr. 31.12.2016.

Plasserte midlar i rente, obligasjon og aksjefond har gitt god avkastning pr. 1.tertial jf. oversikta under. med over 1,1 mill.kr. i løpet av 4 månader.

	01.01.2017	2017			jan	feb	mar	apr
		Resultat	Marknadsv Verdi	Avkastning				
Dnb Obligasjon 20	7 238 041,16	87 121,45	7 325 162,61	1,204 %	29 739,12	17 619,49	34 577,99	5 184,85
Holberg Kreditt	1 960 964,51	89 849,44	2 050 813,95	4,582 %	31 322,49	27 468,68	12 002,39	19 055,88
First Aksjer Norge	5 145 737,04	346 903,77	5 492 640,81	6,742 %	103 837,90	48 137,25	127 483,11	67 445,51
Holberg Global	1 839 440,38	211 690,95	2 051 131,33	11,508 %	-18 228,40	66 078,58	87 495,12	76 345,65
Holberg Rurik	660 187,65	95 231,71	755 419,36	14,425 %	-10 477,14	20 457,19	51 686,05	33 565,61
Spv Aksje	5 097 397,39	327 345,45	5 424 742,84	6,422 %	-44 867,53	103 805,95	0,00	268 407,03
SUM	21 941 768,13	1 158 142,77	23 099 910,90	5,278 %	91 326,44	283 567,14	313 244,66	470 004,53

Langsiktig gjeld låg på knappe 37.000 pr. innbyggjar ved utgangen av 2016 (liten nedgang i 2016).

KOSTRA gr. 6 Som Masfjorden er ein del av låg på nesten 84.000 pr innbyggjar.

Gjennomsnittskommunen ligg på litt i overkant av 57.000 (opp med ca. 3.000 pr. innbyggjar i 2016).

Total lånegjeld Masfjorden kommune 2016

Låneinstitusjon	Saldo 1/1	Nytt lån	Avdrag	Ekstraordinære avdrag	Saldo 31/12	Renter
Husbanken	1 583 904,00		568 227,00		1 015 677,00	18 029,00
Komm.banken	53 726 180,00	5 312 000,00	4 121 720,00		54 916 460,00	890 756,00
KLP/komm.kred.	9 411 000,00		796 500,00		8 614 500,00	201 697,00
Husbanken startlån	7 223 315,00		659 116,00		6 564 199,00	112 889,39
Totalsum	71 944 399,00	5 312 000,00	6 145 563,00		71 110 836,00	1 223 371,39


Fordeling flytande rente og fastrente

Rentetype	Långiver	Saldo 31/12	Del av total lånegjeld
Flytande	Husbanken	1 015 677,00	1,43 %
	Komm.banken	46 184 460,00	64,95 %
	KLP/komm.kred.	8 614 500,00	12,11 %
	Husbanken startl.	6 564 199,00	9,23 %
Totalt Flytande		62 378 836,00	87,72 %
Fast 1-3 år	Komm.banken	8 732 000,00	12,28 %
	Totalt Fast 1-3 år	8 732 000,00	12,28 %
Totalsum		71 110 836,00	100,00 %

Vurdering

Rentenivået er framleis på eit historisk lågt nivå.

Norge. Renter



Det er normalt med til dels store svingingar i aksjemarknaden, men avkastning hittil 2017 har vore stabil. Det skal lite til av uro rundt omkring i verden før ein får opp eller nedgang i verdien av plasseringane, og utfordring er å skape/ oppnå meiravkastning utover ordinær bankinnskot. Ein ser ingen grunn å endre på noverande plassering og porteføljesamansetjinga ved utgangen av 1.tertial 2017 – og det er ikkje gjort endringa i løpet av 1.tertial 2017.

Stresstest pr. 1.tertial 2017 er gjort ut i frå at grunnkapital/plassering er dekkja opp med fondsavsetjing, og at det er berre reinvestert kapital som ein ikkje har fondsmidlar til å dekke. Plasseringa utover bankinnskot er noko Masfjorden etter kvart har mange års erfaring med, og normalt har ein oppnådd eit resultat som har styrka kommunerekneskapen med mellom 1-2 mill.kr. årleg, og berre unntaksvis har vi hatt år med negativ avkastning. Faren for finansuro og negativ avkastning er til stades, men ein har større tru på meiravkastning utover bank og for noverande plasseringa.

Konklusjon

Tilrådd at finansrapporteringa pr. 30.4.2017 vert teken til vitring.

Formannskapet - 063/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Finansrapporteringa pr. 30.04.2017 vert teken til vitring

